

Faglærars evaluering av INFO110 Informasjonssystem – våren 2016

Bjørnar Tessem

Vurdering av gjennomføring

Kurset har 10 p, og har hatt 14 forelesingar. 4 av desse er gjesteforelesarar. Oppmøtet var middels, men gjekk ned mot slutten. Dette er normalt. Studentane var stort sett nøgde med faglærars forelesingar og gjesteforelesarane. Gjennom heile semesteret vart det gjennomført kahoot!-quizar. Studentane responderte veldig bra på dette. Studentane hadde 11 seminargrupper kvar der dei diskuterte ulike tema knytt til forelesingane. Der var det også gjennomgang av prosjektoppgåva som dei skulle levere i mai. Tema for denne var evaluering av eit informasjonssystem. Dei leverte inn tre versjonar.

Eksamenskarakterane spreidde seg jamt utover, som forventa i eit så stort kurs.

Studieinformasjon vart lagt ut på miside i god tid, meir enn det verka som at studentane fikk med seg. Mykje tyder på at studentane generelt ikkje brukar miside så mykje som dei burde. Ein skulle ikkje vere nøydd til å gjenta kursrelevant informasjon så mange gonger.

Lærebok-tilbodet er ikkje bra for dette kurset. Amerikanske «business»-orienterte bøker er det vanlege, noko som ikkje passar 100% til vårt skandinaviske perspektiv på informasjonssystem.

Rammevilkår

Seminargruppene fungerte bra.

Vurdering

Kurset har ei rimeleg fast form, og fungerer godt med det innhaldet det har. Det kan vere behov for noko nytenking rundt undervisningsformene og bruk av seminargruppene.